



Kultur- og
kyrkjedepartementet

Dykkar referanse:
/

Vår referanse:
151/036.0- 06 VH

Dato:
22. mai 2007

BIBLIOTEK 2014 - HØYRINGSFRÅSEGN

GENERELLE KOMMENTARAR

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) organiserer 112 medlemmer. Av desse er 100 kommunar og tre fylkeskommunar. Det er kommunar og fylkeskommunar som eig dei langt fleste biblioteka i landet. Det er derfor naturleg at LNK – utan å vera invitert til det, kjem med høyringsuttale i denne saka.

Ei effektiv og framtidretta bibliotekteneste er svært viktig for vedlikehald og utvikling av det norske språket – med dei to målformene nynorsk og bokmål.

LNK tykkjer såleis det er positivt at det no vert utarbeidd ein samla plan for utvikling av alle delar av bibliotektenestene i landet. For LNK er intensjonen om eit eige program for utvikling av skulebibliotektenesta og ei samordning av skule- og folkebibliotektenestene særleg viktig. Utvikling av Noregsbiblioteket verkar logisk og praktisk, men føreset at utbyggjarane tek omsyn til ein del viktige prinsipp. Det er viktig at brukarane sine behov heile tida ligg i botnen av satsinga og at gratisprinsippet vert førd vidare. Det er og viktig at eit nasjonalt fjernlånsystem vert vidareutvikla og sikra for framtida.

Det er bibliotekeigarane som best kjenner dei lokale behova, den lokale geografien og ikkje minst det (manglande) kollektive transporttilbodet. Det er såleis kommunane som må bestemma graden av konsolidering og koordinering av bibliotektenestene i kommunane og eventuelt på tvers av kommunegrenser.

I meldinga vert det peika på at det må satsast på kompetanseheving, utvikling av innhald og opprusting/nynygg av biblioteklokale. Det vil vera svært viktig å følgja opp ei bibliotekreform med tilstrekkelege midlar til å nå målet om å styrkja folkebiblioteka som samfunnsaktørar på områda kunnskaps- og kulturformidling og ikkje minst som demokratibyggarar.

Kommunane bør og stimulerast til å gi biblioteka ei sentral rolle i sine respektive utviklingsstrategiar.

1 INNHALD OG TENESTER I NOREGSBIBLIOTEKET

1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

På dette området må det utmeislast ein nasjonal strategi og tiltaksplan som sikrar alle brukarar, uavhengig av bustad og økonomi, får tilgang til dei same nettressursane. Det er særskild viktig at nynorskdimensjonen i dei nettbaserte tenestene vert teken på alvor. I dag er det offisiell norsk språkpolitikk at nynorsk skal diskriminerast positivt – ikkje minst innafor dei nye språkdomenene. Det er såleis viktig å ta omsyn til begge dei norske målformene når nye tenester skal utviklast.

1.2 Digitalisera viktige innhaldsressursar

Det kanskje største saknet for nynorskbrukarar i kommunar og fylkeskommunar er truleg at det ikkje er utvikla eit digitalisert nynorsk leksikon på nett. Dette går særleg ut over elevar i nynorskkommunar og det verkar naturleg at det vert lagt inn føringar i ein overordna norsk bibliotekstrategi. LNK får svært mange innspel på at dette bør vera ei prioriter oppgåve for oss å arbeida med.

1.3 Utvikla nye digitale tenester

For å utvikla nye digitale tenester bør staten her initiera og oppmuntra til interkommunalt prosjektsamarbeid. Fagpersonane i ein region vil ofte kjenna kvarandre og skjøna korleis dei kan utfylla kvarandre i prosjektgrupper for å utvikla nye bibliotektenester og ny teknologi. Og samarbeid treng ikkje bety samanslåing.

1.4 Vidareutvikla biblioteket som læringsarena og læringsressurs

Biblioteka skal gi tilgang til kunnskapskjelder, både tradisjonelle og digitale. Samstundes skal biblioteka kunna gi eit tilbod om arbeidsstasjonar, nødvendig teknisk utstyr og ikkje minst kunnskap om korleis ein brukar slikt utstyr og kor ein kan finna den informasjonen ein er ute etter. Det er viktig at det vert lagd føringar som sikrar økonomiske ressursar til dette i framtida.

1.5 Vidareutvikla kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Ei samordning av skule- og folkebibliotektenesta vil gjera det lettare å presentera eit heilskapleg bibliotekprodukt retta mot barn og unge. Sjølv om biblioteka sjølv sagt også i framtida må ha eit breitt produktspekter er det viktig at det vert sett av tilstrekkelege ressursar til innkjøp og formidling av litteratur og andre kunstuttrykk på bokmål og på nynorsk. Fram til no har særleg tilbodet av faglitteratur på nynorsk vore for dårleg – så godt som all omsett faglitteratur vert sett om berre til bokmål og forlaga styrer nyutvikla norske fagbøker inn mot bokmålsmarknaden. Biblioteka utgjer ei stor marknadsmakt. Ei ny biblioteklov bør leggja føringar for innkjøp som i neste omgang kan påverka publiseringspolitikken i norske forlag.

1.6 Styrka biblioteka m.o.t. inkludering, integrering og kulturelt mangfald

Biblioteka har tradisjonelt vore ein arena som gjennom alle år har klart å inkludera innvandrarak og andre framandkulturelle. Mange slike grupper brukar biblioteket som treffplass og som ein stad der dei held kontakten med eigne kulturar gjennom internett og utanlandske tidsskrift/aviser. Biblioteka fremjar integrering, inkludering og kulturelt mangfald.

Det er såleis svært viktig at Det fleirspråklege bibliotek i Oslo får ressursar til å satsa vidare og at kontakten med dei lokale biblioteka vert styrkt.

2 STRUKTUR OG ORGANISERING

2.1 Styrkja og utvikla dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket

Det vert stadig færre bibliotekfilialar og utlånstader. Dersom bibliotektenesta ikkje skal utvikla seg til å verta eit tilbod berre til dei ressurssterke er det viktig å halda på nærleik til brukarane. Den massive nedlegginga av bibliotekfilialar dei siste åra har i mange kommunar ført til at tenestene er flytta vekk frå brukarane. Sjølv om kvaliteten og mangfaldet i bibliotektenestene etter dette i nokre høve truleg har blitt betre i kommunen sett under eitt, er det likevel ikkje ønskjeleg å halda fram med denne sentraliseringa. Prinsippet må vera at det er viktig å halda oppe eit tilbod der folk bur. Framlegget om at alle bibliotek kan konsoliderast til einingar med 6-8 årsverk vil undergrava eit slikt prinsipp. Forpliktande samarbeid mellom bibliotek i eit utval kommunar kan vera god ressursbruk, ikkje minst med tanke på å utvikla fagmiljøa. Det finst mange døme på interkommunalt biblioteksamarbeid som fungerer godt, utan at nærleiksprinsippet vert fråvike. Konsoliderte "hovudbibliotek" i regionsentra kan føra til at det vert vanskelegare å sikra midlar til drift frå dei

kommunane som ikkje lenger har "sitt" bibliotek. Det er viktig at framtidige statlege midlar som vert kanaliserte til eventuelle konsoliderte einingar også kan løyvast til bibliotek som prøver ut andre samarbeidsformer.

LNK vil og understreka den funksjonen biblioteka har som institusjon i kommunen/dei einskilde bygdelaga, særleg som eit instrument for å styrkja demokrati og deltaking. Ved sida av dei tradisjonelle oppgåvene, spelar folkebiblioteket også ei vesentleg rolle som kunst- og kulturarena og som treffpunkt. Dette er funksjonar som talar mot konsolideringstanken.

2.2 Vidareutvikla det fysiske biblioteket

Mange kommunale biblioteklokale er gamle og lite eigna for moderne bibliotekdrift. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) ser derfor svært positivt på framlegget om eit investeringsprogram for bygging av nye og opprusting/ombygging av lite tenlege lokale. Under fysiske lokale er det og viktig å rekna inn bokbussar – og desse bør brukast meir offensivt enn tidlegare. Bøker bør tilbyast der folk faktisk er: på stranda om sommaren, utanfor kinoen etc.

2.3 Utvikla eit brukarorientert og samarbeidande Noregsbibliotek

Dagens lovverk har vore til hinder for utvikling av bibliotektenestene i kommunane. Det er positivt og heilt nødvendig at det no vert lagt opp til å samordna lovverket og sjå alle typar bibliotek i ein samanheng. Det er særleg viktig at skulebibliotektenesta vert sett i samanheng med folkebiblioteka si verksemd. Skulebibliotektenesta er svært ulikt prioritert i kommunane. Det er og avgjerande at lova presiserer konsekvensane av at me har to jamstilte skriftspråk i landet og kva dette inneber for utvikling av nye tenester, innkjøp osv. I ei utgreiing laga av Utdanningsdirektoratet i 2006 vart det dokumentert at eit stort fleirtal av rektorane i norske ungdomsskular og i vidaregåande skular sjeldan eller aldri kjøper inn nynorsk litteratur til skulebiblioteka.

LNK ser det som positivt dersom fjernlånprinsippet no vert styrkt og gjort meir forpliktande.

I tråd med eitt av måla i eNorge2009 må biblioteka ta mål av seg til å vera ein hovudaktør for å avskaffa digitale skiljeliner mellom utdanningsgrupper, generasjonar og mellom ulike geografiske område i landet.

Det er viktig å forsera digitaliseringa av det nasjonale tilfanget og byggja opp databasar som gjer desse kjeldene tilgjengelege, men tanken om å byggja opp ein ny nasjonal ABM-portal for å samla desse ressursane verkar noko gamalmodig. Dei aller fleste som søker etter informasjon på nettet brukar i dag søketenester. Dette er raskt, effektivt og brukarvennleg.

3 KOMPETANSE OG FORSKING

3.1 Fornya den samla kompetansen i biblioteksektoren

LNK står tankane om større vekt på fagkompetanse og forskning innafor biblioteksektoren. Det er viktig at kompetansehevinga kjem personalet i alle skule- og folkebibliotek til gode. Ei avgrensing til dei biblioteka som vert "konsoliderte" vil truleg føra til at ein ikkje når fram til dei tilsette som har mest bruk for fagleg påfyll. Eit kompetanseutviklingsprogram bør gjennomførast lokalt og regionalt for å sikra brei deltaking og låge tersklar for å vera med.

Med vennleg helsing
LANDSSAMANSLUTNINGA AV
NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

Vidar Høviskeland
dagleg leiar

*Kopi:
Styret*